



16.05.2020

Vurdering av byggegrunn på Indre Nore, G.nr. 127 B.nr. 67 i Stadt kommune



Dronebilde av planområdet

Hole Geo AS

Samandrag


Oppdragsgjevar	Bunnpris Bryggja v/ Arve Aalen
Tittel på rapport	Vurdering av byggegrunn på Indre Nore, G.nr. 127, B.nr. 67 i Stadt kommune
Dato	16.05.2020
Oppdragsskildring	Vurdering av byggegrunn for parkeringsplass på Indre Nore
Oppdragsleiar	Geolog Jarle Hole
Utført av	Hole Geo AS, Bygda 920, 6218 Hellesylt. Orgnr. 918 995 943 MVA
Kvalitetskontroll	
Emneord	Skredfare, flaum, kvikkleire, Bryggja, Stadt kommune
Føremål	Vurdere om det er kvikkleire på byggegrunn til parkeringsplass
Konklusjon	Det er ikke observert marin leire i planområdet. Det er heller ikke skred- og flaumfare i planområdet. I følgje Byggteknisk forskrift (TEK 17) kan planområdet på 127/67 nyttast til parkeringsplass og alle typar byggverk.

Om oppdraget

Hole Geo AS fekk førespurnad frå Bunnpris Bryggja (G.nr 127, B.nr 67) på Indre Nore, Stadt kommune om vurdering av byggegrunn i samband med plan om utviding av parkeringsplass. Den planlagde parkeringsplassen ligg ca 20 moh og delar av planområdet ligg under marin grense slik at oppdraget i hovudsak var å undersøke om det er kvikkleire i området.

Undersøkt område

Det undersøkte området ligg rett sørvest for butikklokal til Bunnpris Bryggja på Indre Nore (Figur 1, 2 og 3)



Figur 1 Oversiktskart som viser lokalisering av byggetomtane



Figur 2 Situasjonsplan for ny utviding av parkeringsplass levert av oppdragsgjever



Figur 3 Dronebilde teke 13.05.2020 av arealet der det planlagt parkeringsplass

Tidlegare arbeid

Det er ikke kjent at det har vore utført detaljert geologisk undersøking i dette området tidligare.

Feltvurdering

Jarle Hole frå Hole Geo AS var på synfaring på byggetomta den 13.05.2020. Feltvurderinga blei utført som ei overflatekartlegging av lausmassane med borring med handbor ned til djupne ca. 1 m og registrering av fjellblotningar terrengformasjonar.

Lausmassekart

NGU har kartlagt lausmassane på indre Nore som grunnt morenedekke der det er planlagt parkeringsplass (Figur 4).

Under synfaring gjorde Hole Geo ei meir detaljert kartlegging av lausmassane og kom då til at der det var planlagt å utvide parkeringsplassen låg det meir enn 1 m djup myr. Vidare sørvestover den dyrka marka mot sjøen var det grov strandavsetjing under husmuslaget. Både aust og vest for den dyrka marka var det fjell med tynnt lausmasselag over. Det var ikkje observert marine avsetjingar i form av leire i planområdet.

Det var vore utført gravearbeid på område der det er planlagt utviding av parkeringsplass (Figur 3). Massane som er kasta opp viser ikkje at det er leire i undergrunnen. Oppdragsgjevar kjende heller ikkje til at det var leire der myra var grave ut før fylling av steinmassane (Figur 3). Oppdragsgjevar mente det var morene under myra.

Ut frå dei vurderingane som er gjort ligg det meir enn 1 m myr over morene i området over marin grense. Frå marin grense og ned mot fjorden ligg det steinrik strandavsetjing med ei tynnt humuslag som er dyrka på toppen.



Figur 4 Lausmassekart på Indre Nore. Kartet er kopiert frå <http://atlas.nve.no/html5Viewer/?viewer=nveatlas>

Skredfare


Skredfare i området blei vurdert ut frå aktsemdkarta til NVE (<http://atlas.nve.no/html5Viewer/?viewer=nveatlas>). Det syner at det ikkje er noko form for skredfare i planområdet.

Flaumfare

Rett aust for butikklokal til Bunnpris Bryggja renn Maurstadelva. På aktsemdkartet for flaum er det kartlagt fare for flaum inn på parkeringsplassen (Figur 5).

Ved bruia der riksveg 15 kryssar Maurstadelva er det berekna med dataprogrammet NEVINA (<http://nevina.nve.no/>) at Maurstadelva kan ha ei flaumvassføring på $38,6 \text{ m}^3$ under ein 200-års flaum. Det er då rekna 20% klimapåslag

Der Maurstadelva renn forbi Bunnpris Bryggja renn den i fast fjell, og ut frå terrengrforholda vil det renne flaumvatn inn på planområdet berre dersom elvelaupet under bruia ikkje greier å svele unna alt. Opning under bruia er meir enn 100 m^2 noko som er rikeleg for å svele unna vatnet under ein 200-års flaum i Maurstadelva (Figur 6).




Figur 5 Aktsemdkart for flaum



Figur 6 Bru der riksveg 15 kryssar Maurstadelva

Marin grense

På Indre Nore er det kartlagt marin grense opp til ca. kote 20. Det vil seie at det er potensiale for kvikkleire opp til dette nivå.



Figur 7 Marin grense på Indre Nore

Konklusjon

Det er ikke observert marin leire i planområdet. Det er heller ikke skred- og flaumfare i planområdet.

I følgje Byggteknisk forskrift (TEK 17) kan planområdet nyttast til parkeringsplass og alle typar byggverk.